



DET KONGELEGE
KOMMUNAL- OG DISTRIKTSDEPARTEMENT

Ifølgje liste

Dykkar ref

Vår ref

Dato

24/1332-10

1. desember 2025

Avgjerd i sak om grensejustering mellom kommunane Stranda og Fjord

Vi viser til brev frå Statsforvaltaren i Møre og Romsdal 28. februar 2025 med statsforvaltaren si utgreiing og tilråding i sak om grensejustering mellom kommunane Stranda og Fjord.

Vedtak

Det er Kongen i statsråd som har avgjerdsmynd til å gjere vedtak om justering av grenser mellom kommunar, jf. lov 15. juni 2001 nr. 70 om fastsetjing og endring av kommune- og fylkesgrenser (inndelingslova) § 6. Denne avgjerdsmakta er delegert til Kommunal- og distriktsdepartementet (KDD), jf. delegeringsvedtak 30. august 2019 nr. 1096.

Kommunal- og distriktsdepartementet vedtek at kommunegrensa mellom Stranda og Fjord kommunar blir justert slik at området Liabygda blir ein del av Fjord kommune. Den nye grensa skal følgje forslaget frå Kartverket.

Den nye kommunegrensa trer i kraft frå 1. januar 2027.

Vedtaket kan ikkje påklagast

Eit vedtak om grensejustering er ikkje eit enkeltvedtak etter forvaltningsloven (fvl.) § 2 første ledd bokstav c, jf. Ot.prp. nr. 41 (2000–2001) punkt 5.1. Vedtaket er endeleg og kan ikkje påklagast, jf. forvaltningsloven § 28 første ledd.

Bakgrunn

I samband med kommunereforma ga tidlegare Fylkesmannen i Møre og Romsdal ei tilråding til departementet om å setje i gong utgreiing av grensejustering av Liabygda. Saka blei utgreia i 2018 av dåverande fylkesmann på oppdrag frå KMD. Fylkesmannen tilrådte at Liabygda ikkje skulle grensejusterast til nye Fjord kommune (tidlegare Norddal og Stordal

Postadresse
Postboks 8112 Dep
0032 Oslo
postmottak@kdd.dep.no

Kontoradresse
Akersg. 59
www.kdd.dep.no

Telefon*
22 24 90 90
Org.nr.
972 417 858

Avdeling
Kommunalavdelinga

Saksbehandlar
Lise Wilhelmsen
22 24 71 99

kommunar). Bakgrunnen for statsforvaltaren si tilråding i 2018 var mellom anna at eit fleirtal av innbyggjarane gjennom ei innbyggjarhøyring sa at dei ønskte å bli verande i Stranda kommune. I tilrådinga tok også fylkesmannen omsyn til at det ikkje lå eit innbyggjarinitiativ til grunn for utgreiinga av saka. Departementet avgjorde 2. juli 2018 å ikkje grensejustere Liabygda. Departementet la sterk vekt på at eit stort fleirtal av innbyggjarane ikkje ønskte ei grensejustering, og at initiativet ikkje kom frå innbyggjarar.

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal fekk 21. desember 2023 ein søknad om utgreiing av grensejustering frå Kjartan Lied på vegne av Liabygda Vel. 110 personar har signert søknaden. Innbyggjarane ønskjer at Liabygda i Stranda kommune blir grensejustert slik at bygda blir tilhørande Fjord kommune.

Liabygda ligg geografisk plassert mellom kommunesentera Stordal og Valldal i Fjord kommune, på austsida av Storfjorden. Det tek om lag 10 minutt med ferje frå Liabygda til kommunesenteret i Stranda kommune. Det er opplyst om at det bur 184 personar i Liabygda.

Fjord fatta 8. februar 2024 vedtak om at kommunen var positiv til ei utgreiing av saka. Stranda kommune fatta følgjande vedtak 28. februar 2024: *«Stranda kommune ber departementet avvente vurdering og behandling av grensejustering, inn til kommunen har fått gjennomført grundig utgreiing av utvida samarbeid med kommunane Fjord og/eller Sykkylven. Kommunestyret ber kommunedirektøren gjennomføre søknad til Statsforvaltaren om tilskot til ein slik prosess, og sette i gang dette arbeidet snarast råd. Kommunedirektøren kjem attende med ny sak når det har vore gjennomført reelle samtalar og avklaringar.»* Statsforvaltaren sendte søknaden frå Lied til KDD 18. mars 2024 med tilråding om å greie ut saka. KDD ga statsforvaltaren 25. juni 2024 i oppdrag å greie ut ei grensejustering mellom Fjord og Stranda kommunar for området Liabygda.

I søknaden frå innbyggjarane blir det vist til at barna i Liabygda har avtalefesta plass til barnehage og grunnskule i Fjord kommune. Innbyggjarane er derfor sterkt knytt til Fjord kommune også gjennom samarbeid mellom lag og organisasjonar. Innbyggjarane opplysar at dei nyttar seg mest av tenestetilbodet i Fjord kommune, og at det er praktisk å ha landfast tilgang til kommunesenter, barnehage, skule og helsetenester.

Av faktagrunnlaget som statsforvaltaren har utarbeidd fremgår det at det er noko kortare reisetid frå Liabygda til offentlege tenester i Fjord kommune enn til tenester i Stranda kommune. Det går også fram at Stranda kommune har kjøpt barnehage- og skuletenester i Fjord over fleire år. Kommunane samarbeider om PPT, barnevern, brannvern og skogbruk. Statsforvaltaren har i 2024 gitt skjønsmiddel til Fjord, Stranda og Sykkylven kommunar for å utgreie nærare kommunesamarbeid. Av faktagrunnlaget går det også fram at Stranda kommune får middel gjennom Havbruksfondet knytt til oppdrettsanlegg på Urdaneset og Overåneset. Middel frå Havbruksfondet er venta å vere på mellom 8-9 millionar kronar årleg i åra som kjem. Hovuddelen av anlegga er lokalisert i det området som er foreslått grensejustert.

Som ein del av statsforvaltaren si utgreiing av saka gjennomførte Opinion på vegne av statsforvaltaren ei innbyggerundersøking per telefon for innbyggjarar i Liabygda over 16 år. Totalt svarte 108 av 132 personar, ein svarprosent på 81 %. Fleirtalet av dei spurde, 74 %, svara at dei ønskjer å bli ein del av Fjord kommune. 19 % ønskjer å bli verande i Stranda kommune. 7 % hadde ingen meining om saka.

Fråsegn frå Kartverket

Kartverket har ingen merknad til ei eventuell grensejustering av Liabygda frå Stranda kommune til Fjord kommune. Kartverket vurderar at den nye grensa bør gå omtrent midt i fjorden, utrekna etter prinsippar for grensedraging i sjø, i rette linjer mellom to punkt med endepunkt i eksisterande knekkpunkt i noverande kommunegrense.

Fråsegner frå kommunane

Fjord kommune er positiv til ei grensejustering. Kommunen handsama saka i kommunestyremøte 5. februar 2025, og gjorde følgjande vedtak: *«Fjord kommune rår til at grensejustering vert gjennomført slik den er omsøkt frå innbyggjarane i Liabygda og slik framtidige grenser er beskrive frå Statens kartverk. I tilrådinga legg ein også vekt på at Fjord kommune allereie i dag leverer mange av dei kommunale tenestene til innbyggjarane i Liabygda, og at deltaking i frivillige organisasjonar i aukande grad går mellom Liabygda og bygdelaga i Fjord kommune.»*

Stranda kommune er imot ei grensejustering. Kommunen handsama saka i kommunestyremøte 6. februar 2025, og gjorde dette vedtaket: *«Kommunestyret i Stranda må sjå til heile kommunen, dette omfattar forvaltningsansvar, innbyggjaransvar, ansvar for dei ulike organisasjonane og næringslivet som heilskap. Stranda kommune er i gang med eit større omstillingsarbeid, der alle fire bygdene er inkludert. Ei grensejustering vil ha stor betydning for mogleg gjennomføring av dette arbeidet. Etter ei totalvurdering ser vi at ei grensejustering av Liabygda vil gje store negative følgjer for resten av kommunen, og vi ber difor på det sterkaste om at dette ikkje vert gjennomført. Stranda kommune meiner derimot at eit utvida samarbeid mellom Fjord og Stranda kommune er det som vil gjere innbyggjarane på indre Sunnmøre best rusta for framtida. Ei grensejustering no vil være eit tilbakeskritt i dette arbeidet, og det er ein viktig grunn for at grensejustering ikkje vert gjennomført. Kommunestyret i Stranda har tidlegare vedteke å greie ut kommunesamanslåing med Fjord, og vi ynskjer å halde fram med dette arbeidet. Vi ber Statsforvaltaren om å leggje til rette for ei folkeavstemning om samanslåing i begge kommunar.»*

Saman med vedtaket til kommunestyret har Stranda kommune sendt ei uttale til statsforvaltaren med ei nærare vurdering av kommunen sitt syn på saka. Stranda kommune peiker på fleire forhold i uttalen som dei meiner talar imot ei grensejustering, her oppsummert av statsforvaltaren:

- *«Kommunen har satsa på utvikling av havbruk gjennom regulering av sjøområda utanfor Liabygda, ei grensejustering vil påverke og hindre den pågåande havbrukssatsinga*

- *Forvaltning og samarbeid langs Storfjorden er avgjerande for ei god forvaltning av verne- og verdsarvområda*
- *Ei grensejustering vil svekke resten av kommunen, og det kan medføre at andre grendelag søker om grensejustering*
- *Kommunen har ønske å bruke ressursane på omstilling og strategisk planarbeid, og ikkje grensejustering»*

Stranda kommune meiner ein bør bruke ressursar på meir interkommunalt samarbeid og på sikt ei mogleg kommunesamanslåing framfor ei grensejustering. I uttalen ber Stranda kommune også om at ei eventuell ny kommunegrense blir trekt langs strandlinja på austsida av Storfjorden. Stranda kommune meiner at grensetrekking etter midtlinjeprinsippet er inkonsekvent med annan grensedraging mellom Fjord og Stranda kommunar, og at det vil gi uforholdsmessig store konsekvensar for Stranda kommune og for investeringar i havbruksatsinga.

Statsforvaltaren si vurdering

Statsforvaltaren legg avgjerande vekt på at innbyggjarane i Liabygda i dag i all hovudsak får sine kommunale tenester frå Fjord kommune. Statsforvaltaren viser til at ei grensejustering vil gi innbyggjarane rett til deltaking i lokaldemokratiet i Fjord kommune, og slik vil kunne vere med å påverke det kommunale tenestilbodet. Statsforvaltaren legg vidare vekt på at eit stort fleirtal av innbyggjarane ønskjer å høyre til Fjord kommune.

Statsforvaltaren peikar på at det vil krevje ressursar å gjennomføre ei grensejustering, og at gjennomføring av eit økonomisk oppgjer og spørsmål om erstatning kan vere ei ressurskrevjande prosess, men at dette ikkje aleine bør vere avgjerande for spørsmålet om ei grensejustering skal gjennomførast eller ikkje. Statsforvaltaren meiner også at ei grensejustering ikkje vil vere til hinder for vidare interkommunalt samarbeid kommunane imellom.

Rettslege utgangspunkt

Ei grensejustering inneber at eit område blir flytta frå ein kommune til ein annan, jf. inndelingslova § 3 tredje ledd. Kongen har kompetanse til å gjere vedtak om grensejustering mellom kommunar, jf. inndelingslova § 6. Kongen kan òg gjere vedtak når ein eller fleire av dei aktuelle kommunane er usamde i forslaget om grensejustering. Kongen sin kompetanse er i vedtak av 30. august 2019 delegert til Kommunal- og distriktsdepartementet.

Inndelingslova gir ingen konkrete vilkår eller kriterium for kva som skal inngå i departementet si vurdering av ei grensejusteringssak. Inndelingslova § 1 angir lova sitt formål, og gir overordna rammer for departementet sitt skjønn, jf. Ot. prp. nr. 41 (2000–2001). Etter inndelingslova § 1 skal kommuneinndelinga skje «*innanfor ramma av det nasjonale fellesskap*», «*sikre eit funksjonsdyktig lokalt folkestyre og ei effektiv lokalforvaltning*» og «*skape formålstenlege einingar som kan gi innbyggjarane og næringslivet tilfredsstillande tenester og forvaltning*». Vidare går det fram av denne paragrafen at «*verksemda etter denne lova skal bygge på prinsippet om lokal medverknad og initiativrett til*

grenseendringar». Departementet har rom for eit vidt skjønn i vurderinga av om grensane skal justerast eller ikkje, og bygger si avgjerd på ei konkret og heilskapleg vurdering av alle relevante moment.

I tidlegare saker er grensejusteringar først og fremst nytta for å tilpasse kommunegrensane til eksisterande samhandlingsmønstre og bruk av kommunale tenester, og på den måten legge til rette for ei meir formålstjenleg ramme for innbyggjarane sine daglegliv både praktisk og demokratisk. Grensejusteringar bør innebere reelle forenklingar og forbetringar i kvardagen til innbyggjarane.

Departementet si vurdering

Kommunal- og distriktsdepartementet har vurdert initiativet om grensejustering mellom Fjord og Stranda kommunar, for området Liabygda, med utgangspunkt i statsforvaltaren si utgreiing. Departementet har også hatt møter med kommunane. Einkvar grensejusteringssak har sin eigenart som må vurderast konkret.

Initiativtakarane skriv i søknaden om grensejustering at innbyggjarane i Liabygda er knytt til Fjord kommune gjennom bruk av kommunale tenester og gjennom fritidstilbod og samarbeid mellom lag og organisasjonar. I søknaden og utgreiinga er det vist til at barna i Liabygda har avtalefesta plass i barnehage og skule i Fjord kommune, og at innbyggjarane ønskjer landfast tilgang til kommunesenter, helsetenester, barnehage og skule for ein meir forutsigbar og praktisk kvardag. Statsforvaltaren legg i si vurdering avgjerande vekt på at innbyggjarane nyttar kommunale tenester i nabokommunen, og at ei grensejustering vil gi innbyggjarane moglegheit til å påverke det kommunale tenestetilbodet til tenestene dei nyttar i kvardagen. Departementet meiner det er synliggjort ei tilhøyrsløse til Fjord kommune gjennom innbyggjarane i Liabygda sin bruk av kommunale tenester og i det daglege virke. Departementet legg, i likheit med statsforvaltaren, vekt på at ei grensejustering vil gi innbyggjarane moglegheit til å påverke dei kommunale tenestene dei nyttar gjennom lokaldemokratiet, ei moglegheit dei ikkje har så lenge dei nyttar tenester i nabokommunen.

Som vist til over har Opinion på vegne av statsforvaltaren gjennomført ei innbyggjarhøyring for dei direkte berørte innbyggjarane. 108 av 132 innbyggjarar svarte, og 74 % av dei spurde ønskjer å bli ein del av Fjord kommune. Departementet meiner det kjem klart til uttrykk kva fleirtalet av innbyggjarane ønskjer, og vektlegg dette i vurderinga.

Vedtak om grensejustering mot kommunestyret sine ønskjer er ei inngripande handling, som også omfattar arbeid for dei berørte kommunane. Statsforvaltaren har uttalt at dei kan bistå kommunane med skjønsmiddel for arbeidet med å forberede og gjennomføre ei grensejustering. Ei grensejustering vil i dette tilfellet ha konsekvensar for Stranda kommune si havbruksatsing, noko som er bakgrunnen for at Stranda kommune har uttalt at ei ny kommunegrense bør gå langs strandlinja på austsida av Storfjorden. Departementet viser til Kartverket si uttale, og til at praksis er at kommunegrenser i sjø blir trekt midt i mellom to nabokommunar. Departementet er ikkje kjend med tilfell der midtlinjeprinsippet er fråvike i betydeleg grad slik at kommunen på motsett side disponerar heile sjøarealet mellom

kommunane. Det vil vidare vere vanskeleg å legge kommunegrensa i eller nær gjennomsnittleg strandlinje utan at dette samtidig kan innebære at strandeigarar blir sittande med rettar i nabokommunen. Departementet forstår det vidare slik at midtlinjeprinsippet er det som gir best utgangspunkt for å sjå samanhengen mellom arealbruk på land og i sjø og kommunenplanens arealdel og reguleringsplanar. Departementet legg det faglege innspelet frå Kartverket til grunn. Departementet vurderar i likheit med statsforvaltaren at økonomiske konsekvensar for kommunane ikkje aleine kan vere avgjerande for om ei grensejustering skal gjennomførast eller ikkje.

Departementet avgjer etter ei heilskapleg vurdering at kommunegrensa mellom Stranda og Fjord kommunar blir justert slik at området Liabygda blir ein del av Fjord kommune. Den nye grensa skal følgje forslaget frå Kartverket.

Konsekvensar av vedtak

Dei berørte kommunane må klargjere det tekniske grenseløpet, i samråd med Kartverket.

Ved grensejustering skal det gjennomførast eit økonomisk oppgjør mellom kommunane, med mindre kommunane ikkje finn det naudsynt, jf. inndelingslova § 18 og øvrige reglar i lova kap. V.

Dette vedtaket går i kopi til Møre og Romsdal fylkeskommune, Skatteetaten, Kartverket, Statistisk sentralbyrå, og til Justis- og beredskapsdepartementet og Barne- og familiedepartementet for oppfølging og informasjon til etatar det angår (f.eks. Politidirektoratet og bispedømme).

Vedtaket blir kunngjort i Norsk Lovtidend.

Departementet ber Statsforvaltaren i Møre og Romsdal om å informere initiativtakarane om vedtaket.

Med helsing

Mari Jacobsen (e.f.)
avdelingsdirektør

Lise Wilhelmsen
seniorrådgjevar

Dokumentet er signert elektronisk og har derfor ikkje handskrivne signaturar

Kopi

Barne- og familiedepartementet

Justis- og beredskapsdepartementet
Kartverket
Møre og Romsdal fylkeskommune
Skatteetaten
Statistisk sentralbyrå

Adresseliste

Fjord kommune	Postboks 144	6211	VALLDAL
Statsforvaltaren i	Postboks 2520	6404	MOLDE
Møre og Romsdal			
Stranda kommune	Øyna 13	6200	STRANDA